

MELAND KOMMUNE

SAKSPAPIR

Styre, komite, utval	Møtedato	Sbh.	Saknr
Utvale for levekår	17.04.2012	SFF	038/12

Avgjerd av: Utval for levekår Saksbeh.: Stein F. Flataker	Ansv. SFF	Arkiv: N-211	Arkivsaknr 12/413
--	--------------	-----------------	----------------------

HØYRING - TIL BARNAS BESTE - NY LOVGIVING FOR BARNEHAGANE

Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dat	Avsendar/Mottakar	Tittel
2	I	15.02.2012	Det kongelige kunnskapsdepartement	HØRING AV NOU 2012: TIL BARNAS BESTE - NY LOVGIVNING FOR BARNEHAGENE
3	I	28.03.2012	.	FORSLAG TIL NY LOVGIVING FOR BARNEHAGANE
4	I	03.04.2012	Øie-utvalget	PRESSEMELDING FRÅ ØIE- UTVALGET
5	I	03.04.2012	KS	NYTT FRA RÅDMANNSUTVALGET

Saksutgreing:

Kunnskapsdepartementet har sendt ut på høyring NOU 2012:1 Til barnas beste - Ny lovgiving for barnehagane. Høyringsfristen er sett til 4.mai 2012.

I ULK-møte 17.april 2012 vil administrasjonen gå gjennom dei viktigaste punkta i NOU 2012:1. Powerpoint-presentasjonen er sendt med som vedlegg, saman med eit nyhetsbrev frå Rådmannsutvalget i KS, datert 29.mars 2012.

Hovudpunktata i lovframlegget er:

- Ny bestemmelse i § 5, med avgjerande vekt på barnets beste
- Barn sin rett til et godt fysisk og psykososialt miljø
- Rett til å tilhøyre ein barnegruppe og kor stor barnegruppa skal vere
- Bestemmelser som skal sikre ein trygg og pedagogisk forsvarleg barnehagekvardag. Fleirtalet ønskjer bemanning 1:3 under tre år og 1:6 når barna er over tre år. Mindretallet ønskjer bemanning på 1:2 og 1:5
- Det vert ei nærmare avklaring på når barna skal reknast som over eller under tre år. Forslag om at barn kan reknast som treåringar frå det halvåret dei fyller tre år.
- Foreldre sine rettar vert styrka
- Det vert innført klageordning dersom der vert avdekka manglar i barnehagen sitt miljø.
- Større pliktar for kommune i høve til godkjenning og tilsyn
- Klargjering av barnehageeigar sitt ansvar i høve til kompetanse, areal, forsvarleg system for drift etc.
- Det er delt innstilling i spørsmålet om eigar sin rett til å fastsetje opptakskrets.
- Pedagogisk leder og førskolelærer: Fleirtalet foreslår at det over tid (frå 2020) vert innført lovfesta krav om ein førskolelærar per 6 barn under tre år og ein førskulelærar per 12 barn over tre år
- Mindretallet foreslår lovfesta krav om at den pedagogiske bemanninga skal utgjere 40% av grunnbemanninga
- Fleirtalet foreslår lovfesta krav om 25 prosent barne- og ungdomsarbeidrarar innan 2020 .Mindretallet støttar ikkje dette forslaget.
- For spesialpedagogisk hjelp skal det vere same lovtekst som i grunnskulen.

Vurdering:

Det nye lovforslaget er positivt med omsyn til kvaliteten i barnehagetilbodet. Det er lagt inn mange punkt som gir høgare kvalitet: Styrka tilsyn, høgare bemanning, høgare kompetansekrav, rett til godt fysisk og psykososialt miljø slik som i grunnskulen, styrka rett til spesialpedagogisk hjelp etc.

Men samla sett har KS rekna ut at det er store kostnader på landsbasis knytta til lovforslaget:

- Fleirtalet i utvalet gjer framlegg om tiltak som samla sett vil koste 2,6 mrd. kroner.
- Ein generell bemanningsnorm på 1:3 og 1:6 og et pedagogkrav på 1:6 og 1:12 er berekna å koste 1,4 mrd. kroner. Dette vil krevje 8 000 fleire pedagogar.
- Kravet om at fagarbeidrarar skal utgjere 25% av grunnbemanninga er berekna å koste 330 mill. kroner.
- Styrka krav til bemanning og pedagogisk rettleiing i familiebarnehagar fører til 230 mill. kroner i auka kostnad..
- Utvalet foreslår 640 mill. kroner til eit system for etter- og vidareutdanning.

Dersom forslaget vert vedteke slik det ligg føre, vil dette føre til auka utgifter innan barnehagesektoren i Meland kommune. Kommunen nyttar i dag store ressursar på barnehagedrift og barnehagetilskot, grunna stor innflytting og høg andel av barn som treng barnehageplass.

ADMINISTRASJONEN - FRAMLEGG TIL VEDTAK:

”Meland kommune vurderer at dei fleste forslaga i *NOU 2012:1 Til barnas beste*, vil føre til høgare kvalitet i barnehagen. Men dei økonomiske konsekvensane av framlegget vil vere alvorlege for kommunen. Slik framlegget ligg føre, vil kommunen få enda høgare utgifter til barnehagedrift og til tilskot til ikkje-kommunale barnehagar enn kommunen har i dag. Grunna dette, kan Meland kommune mellom anna ikkje slutte seg til forslaget om å auke opp bemanninga i høve til den ordninga som gjeld i dag.

Det er fleire andre forslag som også er kostnadsdrivande. Kommunen ser det difor som ein føresetnad at staten vil auke opp tilskotssatsane til kommunen, slik at Meland kommune ikkje får auka sine barnehageutgifter ved innføringa av ei ny barnehagelov.”

17.04.2012 UTVAL FOR LEVEKÅR

Tilleggsframlegg frå Mabel Johansen (H):

”Meland kommune ønskjer at retten som ikkje-kommunale barnehagar i dag har til å bestemme eigen opptakskrets og eigne opptakskriterier vert fjerna.”

Framlegget vart **samrøystes vedteke**.

Tilleggsframlegg frå Ørjan Kristiansen (Frp):

”Det bør gjevast full rett til barnehageplass for barn som er 12 månader gammalt, finanisert frå stat. Fødselstidspunkt på året bør vere irrelevant.”

Framlegget fekk **1 røyst for** (Frp) og **7 røyster mot** (2 H, 1 Ap, 2 Krf, 1 Sp, 1 SAM), og **fall**.

ULK-038/12 SAMRØYSTES VEDTAK:

”Meland kommune vurderer at dei fleste forslaga i *NOU 2012:1 Til barnas beste*, vil føre til høgare kvalitet i barnehagen. Men dei økonomiske konsekvensane av framlegget vil vere alvorlege for kommunen. Slik framlegget ligg føre, vil kommunen få enda høgare utgifter til barnehagedrift og til tilskot til ikkje-kommunale barnehagar enn kommunen har i dag. Grunna dette, kan Meland kommune mellom anna ikkje slutte seg til forslaget om å auke opp bemanninga i høve til den ordninga som gjeld i dag.

Det er fleire andre forslag som også er kostnadsdrivande. Kommunen ser det difor som ein føresetnad at staten vil auke opp tilskotssatsane til kommunen, slik at Meland kommune ikkje får auka sine barnehageutgifter ved innføringa av ei ny barnehagelov.

Meland kommune ønskjer at retten som ikkje-kommunale barnehagar i dag har til å bestemme eigen opptakskrets og eigne opptakskriterier vert fjerna.”

Rett utskrift

Dato:

Kopi til:

Det kongelige kunnskapsdepartement